Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emnenr. | 5 | Fylke: | Møre og Romsdal |
| Tilleggsspørsmålnr. | | Herad: | Hareid |
| Emne: | Vassbering. | Bygdelag: | Indre Hareidsdal |
| Oppskr. av: | Ludv. K. Holstad | Gard: | Holstad |
| (adresse): | Hareid | G.nr. 46 | Br.nr. 5. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, for det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursm. 1. Å bere vatnet var det vanlege her i vår bygd på kvar gard både til fjøs og stovehus. Og det varde og rann frå så langt attende som eg kan minnast og fram til kring hundreårsskiftet. Då kom dei til med springvassleidningar, snart den eine og snart den andre, av dei mest framtøke, der som dei hadde pengar til det.

Her på vår gard brukte vi eit „børatrë" som kvilde lint på begge herdane, og ūthola for halsen midt på treet. Og dertil var det ūtgrave „ūthola" frå halsen og ūtetter til begge sider, so det skulle felle godt ned på herdane. Det vart bore rett og beint slik at byttene vart hengande rett ned på kvar side. Frå kvar ende av treet var det snøre med ein krok ned i byttene. Frå først av kan eg hugse det var trekrokar, sidan vart det jarnkrokar.

Men vi kalla det ikkje „vassåk" eller „vassoli". Det hende kanskje at

8066

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vi stundom sa „byrsatret". Men det rette namnet som vi alle her på garden brukte det var „Hisse". Vi sa: „Kvar du er Hissinja". Eller: „Brukar du Hisse?" „Gå ette Hisså"! Eg kan ikkje svåra nono sikkert på om dette namnet vart brukt over heile bygda. Eg minnest at det somme stader vart kalla byrsatret og. Det var skilnad på typane på dei ymse gardane. og.

Eg minnest at her i vår bygd var mest av den sorten som eg har skildra på vår gard. Men her var og so nokre slike med reim over herdane og tret tvers over ryggen. Andre typar enn desse to kan eg ikkje minnest eg har sett.

Det er vanskeleg å seia nono visst om kva tid det var slutt med trebytteen. Det var ikkje likt på dei ymse gardar. Stort sett kan ein vel seia at tre-bytten vart mest bruka til bering heilt til springvatnet kom. Det var svært lite jarnbytter i bruk i 90 åra. Og trebytta var i bruk til vassbering mange stader langt ut i dette hundradået.

Spursm. 2-3. Desse måtane å bera vatn på kjenner eg ikkje til frå vår bygd. Det er truleg at nokon vinterdag har frakta vatn i ein stamp eller eit kar, på kjelke, men eg har ikkje sett det.

Spursm. 4. Eg har gått med „Hissinja" og bore vatn til fjøs 3 stove ~~...~~ so

8066

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mang ein gong i barnåra.
Det var helst kvinnfolk arbeid, men borna laut ogso ta sin törn på dei gardane der dei hadde so store born at dei greidde det. Nokor lett arbeid var det ikkje. Berre tome trebyttene var eit lite lyft i seg sjölv for oss borna. Tok vi dei so halve med vatn var det tungt å rette ryggen.
På dei gardane der dei hadde tenarar var det „tausa" (tenestgjenta) som bar saman med borna eller husmora.
Stundom hjelpte ogso drengen til, men mannen sjölv aldri, utan det var naud på, i sjukdoms tilfelle og liknande. Mange av gardane her i bygdene er so små at dei ikkje hadde råd leiga tenarar, og då laut nok husbonden sjölv hjelpe til med beringa.
Men han var ofte vekk lange bolkar på fiskje og anna arbeid, og då var det mora og borna som måtte slite med det både sommar og vinter.
Kvar vending vi tok med „Hissmje" etter vatn kalla vi ei „hissefør".
Og so og so mange „hissefør" laut det til å fylle „fjösåen" slik at alle dyra, både „kyrne, sauene og hesten fekk nok. „Ké du bore mange fære no?" spurde ho mor.
„E he bore 7 fære inn i fjösen og 2 heim i „kjökenet", var svaret.
Spursm. 5. Nei, heldigvis, so er det jamt slutt på dette slavriet over heile heradet trur eg. Men på somme

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8066

 

staden både i Ulstein og Hareid har den gamle måten vore utrübeg seig og halde seg lenge. Heilt til for 2-3 år sidan. Og då var det Skjönnet som feru innlagt sist. I fjöset hadde dei hatt springvatn lenge. Men på dei fleste gardar, både dei små og dei som er litt större er det no so lenge sidan det var slutt med vassberinga at ingen lever att som minnest noko om dette.

Spürsm. 6. Nei. Eg viser til svaret mitt i tilleggsspm. til nr. 5 vassbering.
Men i store türkeår no i sinare tid har eg vore med på vasskäyring både til fjöset og til folkebrük.

Spürsm. 7. Eg viser til det eg har skrive för.
Vass spring er innlagt alle staden både i fjös og bustadhus, både hjå dei som har gard og dei som berre har hus og hage. Og helst först med dei siste. Det gamle hang lengst atti med gardbrükaram.
Og no står eit felles kommunalt vassverk framfor si löysing. För har det vore slik at kvar berre har sytt for seg. No veit ein sam-kjensla fram litt om senn.

Tillegg til spürsm. 5. Svaret mitt ovanfor på dette spm. er ikkje heilt rett. Det er få eller nesten ingen som minnest den gamle tida med storbering av vatn, med bissetre og store tunge trebytter.

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. om Vassbering. | Herad: Hareid

Emne: Vassbering | Bygdelag: Nedre Hareidsdal

Oppskr. av: Ludv. K. Holstad | Gard: Holstad

(adresse): Hareid | G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja for det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Köyring av snjöen i opne kjerald kjennen eg inkje til korkjo før eller no for tida her i bygdene.

Köyring av vatn er det og so sjeldan vi har trongt om. Her er vatn og elvasikle på alle leider som aldrig turkar ut utan det skal vera i verste berrfrosten vintersdag, eller ein solsomar av dei som vi berre har ein kvart 20 år.

Difor har vi lite og inkje av tradisjon om dette. I mine barndom köyrde vi aldrig vatn det eg kan minnast. Men no i seinare tid har det hendt.

Spørsmål 1. Det vart brukt lause lokk, eller firkanta trelemmar utan handtak.

Spørsm. 2. I seinare tid har vi brukt eit lite trekors utan knott i midten.

Spørsm. 3. Ja, det er ofte vi berre kastar nokre trestykker eller ~~[illegible]~~ små

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8007

fjölendar oppi.
Spursm. 4. Nei, men eg trur eg minnest noko om at dei som gjekk på fjellet og mjölka dyrin morgo og kveld om somnaren. Dei skar ein liten einemuist og la ned i hylkje för dei tok det på ryggen og tok til på heimvegen. Då vart det lettare å gå for mjölka skvalpa inkje so mykje.
Spursm. 5. Ja eg har sett det har vori bruet både is og snö.
Spursm. 6–7. Nei. Det kan vel hende det vart slengt oppi ei bötte stundom når ein inkje hadde noko anna for hand.
Spursm. 8. Vi seier „flottör" no. Men eg trur det var sagt både „Skvalpefjöl" eit „Flot" og „Flytelem" eller „Flytelok" eller „Flytiskiva" för i min ungdom for ei 40–50 år sidan.
Spursm. 9. Nei, inkje det eg kjenner til.
I dei siste 10 år har vi köyrt mykje vatn med tilsetn. av sprögtevæske for dreping av allslags avåt. Då köyrer vi dette i ein stor „så" som stend på ein lastebil. Der oppi kastar vi små fjölendar og anna flytande. Dette kallar vi no altid berre „flottörar".

8007
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Möre og Romsdal
Hareid

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
2) a) Trekors?
   b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
3) Noen trestykker?
4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
5) Is eller snø?
6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
7) Korkskiver?
8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o O o ---

Køyring av mjølk kjenner eg ingjo til her i heradet.

8067

Herad –
Uppteiknar – Lærar M. Holstad.

M. o. R.
Hareid
Ludv. N. Holstad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei, eg kjenner inkje noko til dette. Ikkje har eg høyrt noko om at det var kjent før mi tid heller.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei langtifrå. Dertil var maten altfor dyrverdig.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei, det har eg aldrig høyrt gjete.

8067

Kr. 1.50
bet. 3/8 53